

Forbundet KYSTENs råseglsseminar i Smørhamn 2026

Bremanger 10.-13. september om nordfjord- og sunnfjordbåten



Velkommen til spennande seminar på Smørhamn Handlestad. Smørhamn ligg rett innanfor Kalvåg, og i le for havet utanfor, der mange drog på vinterfiske med robåtane sine for 150 år sidan.

Her er vi midt i skillet mellom Nordfjordbåten og Sunnfjordåten, og her finn vi begge båttypene. Her er også ulike råsegl. Det asymmetriske råseglet er på nokre båtar, medan andre har likeskåre råsegl, som er breie nede og smale oppe.

Bernhard Færøyvik hadde fleire påstandar om kvifor Nordfjordbåten uttevla Sunnfjordbåten, og her har vi høve til å etterprøve desse teoriane. Vi vil òg sjå på om vi kan finne skilnadar på den eldre Nordfjordbåten som var inne i fjordane, og den varianten som kystfolket ville ha, og som etterkvart vart den rådande båttypen.

Foreløpig program

Seminaret startar i båthallen på Kystmuseet i Florø, torsdag 17.00 til 19.30. Turen går vidare til Smørhamn, med rutebåt frå Florø båtterminal 1955, og ankomst Smørhamn Handelsstad 2110. Vi ordnar med skyss frå Kystmuseet til båtterminalen. Dei som kjem med bil til Florø og vil køyre til Smørhamn, kan køyre om Svelgen (113 km, ca 2 timar)

Ein kan komme seg til Florø via buss, fly og hurtigbåt. Ankomst til Smørhamn er lettast med hurtigbåt eller bil.

Fredag og laurdag vert vi i Smørhamn, med praktiske seminar både på sjøen og på land. Her vert det segling og roing med kyndige folk, og sikkert noko nytt å lære om både båtar og segl.

Seminaret vert avslutta i 12- tida på søndag. Dei som må vente på sørgåande rutebåt 1610, kan besøke Kalvåg Kystlag og få omvising i lokala deira.

Kost og losji

Det er full kost og losji på Smørhamn, inkludert fiskegryte fredag og krabbefest laurdag kveld. Smørhamn er ein gamal handelstad med sjøbuder, som er laga om til festlokaler og leiligheter. Vi har tilgang på 5 leiligheter med ca 20 sengeplassar og 10 madrasser/sovesofaer. Resten må ligge på liggeunderlag i sjøbua, eller telt e.l. Så her er det lurt å melde seg på tidleg hvis man ønsker en god seng. Vi kjem tilbake til pris for de ulike. I påmeldinga ber vi dykk krysse av for kva de føretrekkjer.

Pris

Pris for seminar 1500 kr

Påmelding

Ver venleg å fylle ut dette påmeldingsskjemaet: <https://forms.office.com/e/1TvQBqH2s9>

Frist: 31. august 2026

Spørsmål kan stillast til Lars-Bjarte Osland på tlf 990 03 077.

Arrangør

Forbundet KYSTEN og kystlaga i Nordfjord: Nordfjordbåtlaget kystlag, Hornelen kystlag og Kalvåg kystlag.